



O.K. Charter AS
Vestbygdvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1332 - 16/14085

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
05.07.2016

GBNR 54/13 - Orientering og avklaring av vidare handsaming av søknad - Tilkomstveg og vassleidningsgrøft

Administrasjonen viser til tidlegare korrespondanse knytt til søknad om dispensasjon frå LNF og løyve til opparbeiding av veg og vassleidningsgrøft over gbnr 54/13 til gbnr 54/37.

Orientering:

Utval for drift og utvikling i Meland kommune gav i møte 6.6.2016, sak 42/2016, dispensasjon frå LNF for bruksendring av eksisterande gangveg til køyreveg over gbnr 54/13 til 54/35. Klagefristen for vedtaket er gått ut. Dispensasjon for bruksendring var ein føresetnad for vidare handsaming av omsøkt vegtiltak i føreliggjande sak, som har lagt i ventearkiv i påvente av avklaring.

Vidare handsaming:

På grunn av tida som er gått, ber administrasjonen om tilbakemelding frå søkjar om søknaden om dispensasjon og veg/vassleidningsgrøft blir oppretthalde og om det er trong for tilleggsopplysningar. Dispensasjonen må i so fall sendast på høyring før den blir fremma til politisk handsaming på første etterfølgjande UDU-møte etter at høyringsfristen på 4 veker er gått ut.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Terje Husebø